

Trygve Bjerkrheims ærespris – statuttar og formål



- Trygve Bjerkrheim-prisen er oppretta av foreininga Trygve Bjerkrheims venner våren 2011.
- TBV-styret avgjer til eikvar tid kven som skal få prisen (altså inga fastsett årleg utdeling).
- Prisen er eit innramma diplom, utforma og designa av kunstnaren Eli Møller. Storleik innramma ca. 40 x 52 cm.

Kriterier for tildeling:

Med denne prisen ønskjer vi å vidareføre, ikkje berre det Bjerkrheim sjølv skapte, men også hans ånd og idé gjennom andre.

Vi ønskjer å gi prisen til:

- Einskildpersonar eller organisasjonar som i vesentleg grad har gjort ein innsats for å ta vare på, skape interesse for, aktualisere, tonesetje, framføre og/eller gjere Trygve Bjerkrheim sitt forfattarskap – og særleg songane, kantatene og dikta hans, kjende og tilgjengelege.
- Kreative og skapande krefter/personar, særleg tekstforfattarar og muskarar/komponistar/tonkunstnarar, som på ein særleg måte har formidla kristen tru, liv og teneste gjennom dikt og songtekstar – i pakt med TBs ideal og åndelige verdiar: bibeltruskar, den kristne vekkingsarven, misjonskallet, det folkelege, det nasjonale og undringa over Guds skaperverk.

Formål med ein pris:

- Medvirke til å halde TB sitt gode minne levande.
- Medvirke til å setje fokus på TBVs øvrige engasjement.
- Gi eit viktig signal om at TBV ikkje berre er opptekne av å dyrke det gamle, men også ønskjer å inspirere og fremje nyskaping og vidareføring av TBs verdiar og i TBs ånd i ei ny tid.
- Vi ønskjer å inspirere kreative og skapande krefter/personar, særleg tekstforfattarar og muskarar/komponistar/tonkunstnarar, som på ein særleg måte har formidla kristen tru, liv og teneste gjennom dikt og songtekstar – i pakt med TBs ideal og åndelege verdiar
- Medvirke til at endå fleire vil setje seg inn i TBs liv og dikting, og inspirere fleire til å ause av den same "kjelda den klåre" som TB sjøl auste av – Bibelen, Guds skaparverk og livserfaringa.
- Medvirke til at endå fleire vil setje seg inn i TBs liv og dikting og inspirere fleire til å vere med å formidle arven frå TB, og særleg dikta og songane hans, til sitt miljø.